

Protokoll
Styremøte nr. 2/2017
Norges Friidrettsforbund
Radisson Blu hotel, Gardermoen
14. februar kl 13.00

Tilstades: Tore Hordnes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Monica Grefstad Frøynes, Atle Guttormsen (via telefon på deler av møtet), Anne Farseth, Ellen Strøm Juliussen, og Stine Haugum.

Forfall: Svein Arne Hansen. Atle Guttormsen i sak 15,16,17,18, 19 og 22

Referent: Narve Heggheim

Frå sentraladministrasjonen: Narve Heggheim, Berit Nøbben (sak 16 26), Ole Petter Sandvig (sak 17,18,21,22,24)

Saksliste for styremøte 2-2017:

- Sak 15/2017 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte 20.1.2017
- Sak 16/2017 Regnskap 2016
- Sak 17/2017 Saker til friidrettstinget 2017
- Sak 18/2017 Forberedelsar til friidrettstinget 2017- status
- Sak 19/2017 Ethiske retningslinjer i NFIF
- Sak 20/2017 Strategigjennomføring mot 2020
- Sak 21/2017 NFIF`s fortjenestemedalje
- Sak 22/2017 Tildeling av nasjonale mesterskap 2018
- Sak 23/2017 Tildeling av Ungdomslekene 2018
- Sak 24/2017 Oppnevning av TD/jury til større stevner 2017
- Sak 25/2017 Orientering om aktuelle saker fra styremedlemmene
- Sak 26/2017 Langtidsbudsjett 2018/2019
- Sak 27/2017 Søknad om redusert lisensinnbetaling 2016 (B-sak)

Sak 15/2017 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte 20.1.2017

Vedtak: Innkalling og protokoll vart godkjendt.

Sak 16/2017 Regnskap 2016

Årsregnskap, balanse og notar vart presentert. Regnskapet viser eit negativt årsresultat på kr 574.805,- mot eit budsjettert underskudd på kr 2.000.000,- For 2017 bør det nye styret gjere ei vurdering av om ein skal endre plassering av verdipapir samt statuttar for fond.

Vedtak: Årsregnskap, balanse og notar vart vedteke utan merknader og blir lagt fram for friidrettstinget i mars for endeleg godkjenning.

Sak 17/2017 Saker til friidrettstinget 2017

Saker til friidrettstinget vart gjennomgått og drøfta og konklusjonane blir innarbeidde i tingdokumenta som skal trykkast til tinget i Bergen.

Sak 18/2017 Forberedelsar til friidrettstinget 2017- status

Styret gjekk igjennom aktuelle forberedelsar til tinget og ein er i rute med forberedelsane.

Sak 19/2017 Etiske retningslinjer i NFIF

Saka vart utsett til seinare styremøte

Sak 20/2017 Strategigjennomføring mot 2020

Styret drøfta innkomne innspel til dokumentet som er aktuelle å ta med. Strategiansvarleg i styret samanfatar innspela i dokumentet og dette blit trykt opp for utdeling og presentasjon på tinget.

Sak 21/2017 NFIF`s fortjenestemedalje

Vedtak om tildeling av fortjenestemedaljen for 2015 vart vedteke på førre styremøte. Styret har anledning til og dele ut ein kvart år og ein drøfta ulike kandidatar for 2016.

Vedtak: NFIF sin fortjenestemedalje for 2016 vert tildelt Jørund Årdal, Gloppen Friidrettslag.

Sak 22/2017 Tildeling av nasjonale mesterskap 2018

Det førelåg innstilling frå administrasjonen på tildeling av nasjonale meisterskap 2018. Det er ikkje søkjarar til alle utlyste meisterskap.

Vedtak: Følgjande meisterskap vart tildelte for 2018:

NM hopp u.t	Oslo og Akershus FIK
NM Innandørs	Oslo og Akershus FIK
UM Innandørs	Steinkjer FIK
UM utandørs	Overhalla IL
NM junior	IL i BUL
NM halvmaraton	GTI
NM terrengløp kort løype/stafett	Osterøy IL
NM veteran	Stjørdal FIK

Tildeling av NM 2017 (var ikkje søkjarar):
NM halvmaraton
NM kappgang landeveg

SK Vidar
Søfteland TIL

For mesterskap der det ikkje er søkjarar får administrasjonen fullmakt til å skaffe arrangørar.

Sak 23/2017 Tildeling av Ungdomslekene 2018

Det har vore gjennomført utlysing av Ungdomsleker via friidrett.no. Det førelåg innstilling frå Barne og Ungdomsutvalget som vart presentert.

Vedtak: NFIF tildelte Ungdomsleker etter innstilling fra Barne og ungdomsutvalget slik:

Østlandet: Hamar IL og FIK Orion

(2018 med moglegheit for ytterlegare 2 år)

Midt- og Nord-Norge: Måndalen IL

(2018 moglegheit for ytterlegare 2 år)

Vestlandet: Osterøy IL (2018) og Haugesund IL

(2019 med moglegheit for ytterlegare 1 år)

Sak 24/2017 Oppnevning av TD/jury til større stevner 2017

FDU sitt oppsett av TD/jury for 2017 vart presentert.

Vedtak: Orienteringa vart teken til etterretning.

Sak 25/2017 Orientering om aktuelle saker fra styremedlemmene

Anlegg- anleggsutvalget har bestemt at anleggsbefaringane i 2017 går i Sogn og Fjordane (del 2) og i Akershus. Det nye anleggskonseptet Frifot er i god framdrift og det er venta at det er berettiga spelemidlar til denne typen anlegg i 2018. Det pågår prosess i Bærum med flytting av friidretten frå Nadderud til nytt anlegg på Rud. I Indre Arna i Hordaland pågår det politisk behandling med tanke på å legge kunstgras på friidrettsanlegget. I Narvik er prosess starta med tanke på rehabilitering eller bygging av nytt anlegg for friidrett. Friidrettshall i Grimstad er venta ferdig i løpet av mars/april. Stavanger Stadion blir rehabilitert for friidrett. Det pågår samtalar om bygging av velodrom i Fana det friidrett kan inngå om rett løysing vert valgt.

Organisasjon- det er ting i fleire kretsar og styret vil prøve å vere representerte på desse. Det blir arrangert mosjonsseminar på Gardermoen 4. mars, påmeldinga er rimeleg bra. Trenarutvalget ønskjer større aktivitet framover enn det som har vore tilfellet til no.

Friidrettens ungdomsorganisasjon- ungdomsting er avhalde og ny leiar er valgt.

Media/kommunikasjon- positive samtalar med NRK om vidareutvikling på ulike område og ønskje om ein del nye konsept framover.

Arrangement-Bergen kommune vil bli med på EM junior i Bydgoszcz for å sjå på konseptet og om det kan vere aktuelt å søkje mesterskap til Norge.

Idrett- God innandørslandskamp og gost NM innandørs. Litt utfordringar med at dei antatt beste utøvarane i enkelte øvingar ikkje prioriterer desse arrangementa.

Sak 26/2017 Langtidsbudsjett 2018/2019

Basert på drøftingar i styret utarbeider president og økonomiansvarleg i administrasjonen endeleg utkast til langtidsbudsjett som blir delt elektronisk når det er klart.

Sak 27/2017 B-sak

Møtet slutt kl 19.15